



KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-  
DEPARTEMENTET  
Postboks 8112 DEP  
0032 OSLO

Dato: 22.11.2017  
Vår ref.: 2014/15115-91  
Saksbehandlar: mattorg  
Dykkar ref.:

Att. Wollaug Melinda Furulund

## Spørsmål om Kvinnherad si tilknyting til ny E39

Vi viser til dykkar brev datert 25. april 2017 om Kvinnherad si tilknyting til ny E39 og bruk av statleg plan for å regulere inn ny tilkopling for Kvinnherad til ny E39. Departementet har bedt om fylkeskommunen si vurdering av denne saka, samt syn på behov for å nytte statleg plan for å finne ei løysning.

Vi vurderer innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad som ein viktig regional problemstilling. Sambandet bruker i dag om lag 40 minuttar, og reisetida mellom regionsenterane Husnes og Leirvik er på drygt 1,5 timer. Det er mogleg med ei monaleg innkorting av reisetida. Då ferjeleiet vart flyttta frå Leirvik til Skjersholmane i 2003, vart det sagt at lokaliseringa skulle vere mellombels.

Eit betre samband med kortare overfartstid vil vere viktig for å gje Kvinnherad kommune ei betre tilkopling til E39, og redusere reisetida mellom dei to regionale senterane Leirvik og Kvinnherad. Dette vil gje ein langt betre regional integrasjon, og vere viktig for å styrke næringsliv og busetnad i Sunnhordland. Eit innkorta samband kan også gje eit betre driftsopplegg på sambandet.

Hordaland fylkeskommune har vidareført dialogen med Stord kommune og Kvinnherad kommune om planform og prosess med å korte inn sambandet. Etter vedtak i Stord kommunestyre 20. april 2017, i kommunestyret i Kvinnherad 31. august 2017 og i fylkesutvalet 20 september 2017, er det no semje om å utarbeide ein interkommunal plan på kommunedelplannivå med Hordaland fylkeskommune som tiltakshavar og dei to kommunane som planmynde. Arbeidet med planprogram er starta opp med sikte på utlegging til høyring og offentleg ettersyn våren 2018.

Hordaland fylkeskommune ser på denne bakgrunn ikkje behov for å vurdere bruk av statleg plan for å regulere inn ny tilkopling til E39 på noverande tidspunkt.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Matti Torgersen

Kopi. Stord kommune, Kvinnherad kommune, Statens Vegvesen region vest.

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.